

SAMEINING AV JORDBRUK OG FISKE

---



## Ferskvassfiske i Sunnhordland

AV IVAR SKRE

SERPRENT OR TIDSSKRIFTET SUNNHORDLAND

---

1961

nen spør Samsons-Jehansen : «Veit du kvar aureøksa er i år?» «Nei, eg er ikkje viss om det; men mon ho ikkje var hjå Øysteinsfolket? Eg meiner du Sæbjørn (nykomen dreng) får avstad og spørja etter henne.» Sæbjørn fer så frå mann til mann og spør, men vert støtt vist til neste-mann som dei «trur» har henne. Langt om lenge kjem så Sæbjørn att utan «aureøksa» — som aldri har eksistert.» (Offentleggjort med løyve frå Stord bygdebok.)

Om bindingsarbeidet og fisket opplyser elles Lars Lunde : «Alle 6 brukarane på Nordhuglo kom med kvar sin hun og kvar si bast og var i lag om arbeidet. Me tok til med ein liten bunt spiker, og så stakk me nye spiker inn i eine enden av bunten og bygde såleis på oppetter. Logen ville då verta noko tjukkare lenger opp. Logen sat me og laga til i stova hjå Reinert, og logen skulle nå opp under lemen i stova. Til å binda ikring bruka me bast. I enden på logen stakk me til slutt nokre tørvestikke. Dei laga me av feit ved frå brandaks i furer.

Under fisket gjekk det ymse for seg. Håven vart oftast nytta til å bægja fisken med dersom han vart skræmd på noko vis, t.d. om nokon hadde såra han med ein rykk. Vart fisket godt og fiskegiren greip dei, hende det jamvel at kjerringane la seg på kne i bekken og fanga fisk med stakken.»

Denne måten å fiska på har sikkert lang tradisjon, og han er kjend frå andre stader i Sunnhordland der fleire bruk på ein gard åtte fiskeretten i lag i ein bekk. Såleis fortelst det at dei bruka fiska på ein liknande måte i bekken i Vik, Fitjar. Alle bruki på garden var saman om fisket, og dei delte etterpå fangsten likt mellom seg. Men her nytta dei ikkje loge, berre ei vanleg lykt, og det var ein av brukarane åleine som stod for delingi etterpå. Jakob K. Vik fortel at det var bestefar hans, som og heitte Jakob Vik, som delte fisken det fyrste han kunne hugsa.

**Frå Uskedalen, Kvinnherad, fortel Lars P. Haugland** at der er eit godt sjøaurefiske i Uskedalselvi. Det hender nok at dei kan ta laks og i denne elvi, men det er meir eit hende. Sjølve elvefaret er lite høveleg for laks, der er for

steinet og grunt og for uroleg vatn til at laksen finn seg til rettes.

Auren kan gå heilt til Fjellandsbøvatnet. Før var det berre i flaum at auren kom opp det siste stykket til vatnet, men no har dei skote ut noko berg i elvelaupet, slik at auren kan gå opp her utan vanske.

Det vanlegaste var nok at dei tok sjøauren med stong og makk når han tok til å gå opp i elvi litt før jonsok. Sidan fiska dei frametter sumaren og hausten.

I elvi nytta dei og **aurekjer**. Før var der 20—30 kjer i elvi, men talet har minka mykje i seinare år. Eit slikt aurekjer var lagt på ein høveleg stad ved elvebarden, med høveleg stri straum. Ovanfor kjerstaden vart det bygt opp ein garde av stein på skrå opp og ut i elvelaupet. Denne garden tente til å leia vatnet inn i kjeret. Nedanfor kjeret laga dei til ei **råk**, eit far i elvebotnen som fisken kunne fylgja opp mot kalven i kjeret. Dei heiv stein til båe sider i råki og reinska opp. Sjølve kjeret var samansett av grindar med vertikale ribber. Grindi som snudde mot straumen kalla dei **brystgrind**, og dei to grindane i kalven **kalvgrindar**. Opningen mellom dei kunne inst vera ca. 6—7 cm. I kjersidene hadde dei anten sidegrindar eller helst tette vegger.

Det vart og nytta **eining** etter auren. Eining er det vanlege namnet på fiskejarn i Kvinnherad og Fjelberg og visst fleire stader. (Fiskejarn, sjå nedanfor s. 38). Men i Uskedalen hadde dei ein annan reiskap som og vart nytta til å stikka eller rettare hogga aure med. Denne reiskapen, som vart kalla **ljoster**, var laga av ei trestong med ei sjølvvaksen V-forma kluft i eine enden. Armane i klufti måtte vera like lange. I enden på kvar arm var det skore inn ei skor, og i desse skorene sette dei fast eit **ljåbrot**, som regel midstykket av ein utsliten **ljå**, med eggj utover. Om haustkveldane lyste dei etter aure i elvi, og når dei hadde ein aure nær nok, støytte dei til med **ljostri** og hogg ryggen av på fisken. Då var han hjelpelaus og kunne lett-vint hentast på land.

Kor stort pengeverd fisket etter sjø- og vassaure kan

ha hatt, er det sjølvsagt vanskeleg å seia noko om. Sume likar å kyta av kor mykje fisk dei tek, men mellom bøndene er vel helst det motsette tilfellet. Det er helst vanskeleg å koma fram til eksakte opplysningar når det gjeld fiskemengd.

Ymse ting syner likevel at aurefisket som låg til sume gardar verkeleg var eit lunnende som hadde verd. Den omhugsame delingi av fangsten på gardar som Vik, Arbø og Tveita i Fitjar, eller på Nordhuglo på Stord, skulle tyda på det. Det same gjeld gardane Lier og Ørevik i Valestrand. I Ørevik var aurefisket teke med i ei skylddeling så seint som 1926, såg me.

Mellom gardane Hope, Valestrand og Vigen, Vikebygd, var det halde merkesgonge 1847. I markaskilsbrevet heiter det m.a.: «Da bemerkes angaaende den Elv som rinder ud i fra Hopskjødnen ned til Baarvaagsvandet hvor af baade Hopes og Vigen's Eiendomme tilgrændser Da skal Hopes Eiere afbenytte sin Fiskeveide i bemelte Elv i 2 Aar og Vigen's Eiere det 3die Aar og saa fremdeles».

At aurefisket nokon stad har vore så rikt at det har vorte rekna med når skyldi på ein gard skulle fastsetjast, har eg ikkje funne døme på.